

NASJONALARKIVET
Postboks 4013 Ullevål stadion
0806 OSLO

Dato	30.04.2026
Vår referanse	2026/22351-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ole Stian Hovland
E-post	Ole.Stian.Hovland@vlfk.no
Telefon	57992158

Svar på høyring - planprogram for ny nasjonal strategi for privatarkiv

Høyringsvar - planprogram for ny nasjonal strategi for privatarkiv er handsama i fylkesutvalet 28.04.2026.

Vedtak:

1. Vestland fylkeskommune støttar utarbeidinga av ny nasjonal strategi for privatarkiv, og stiller seg bak planprogrammet sitt mål om å sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon, styrkje bevaring og tilgang til privatarkiv, og leggje til rette for ei tydelegare arbeidsdeling og samordning mellom aktørane på feltet.
2. Vestland fylkeskommune meiner at planprogrammet ikkje legg til rette for at folkevalde organ får reell moglegheit til medverknad i strategiprosessen. Vestland fylkeskommune forventar at utkast til nasjonal strategi vert sendt på offentleg høyring til fylkeskommunane.
3. Vestland fylkeskommune oppmodar til å etablere ei referansegruppe der regionale aktørar som fylkeskommunane får delta aktivt i strategiarbeidet. Vestland fylkeskommune ønskjer å vere ein del av dette og stiller regional kompetanse og erfaring til disposisjon.
4. Vestland fylkeskommune legg til grunn at den nasjonale strategien gir fylkeskommunane ei tydeleg rolle som regional koordinator og pådrivar for privatarkivarbeidet.
5. Vestland fylkeskommune meiner at strategien bør vise korleis arbeidet med privatarkiv skal følgjast opp i praksis. Det er behov for å skildre kva ressursar og kva type kompetanse som trengst, slik at måla i den nasjonale strategien kan gjennomførast, også på regionalt nivå.
6. Vestland fylkeskommune føreset at strategiarbeidet tek omsyn til regionale føresetnader som organisering, satsingar og ressursar, og at desse vert nytta aktivt i vidare utvikling av privatarkivfeltet.
7. Vestland fylkeskommune støttar at digitalt skapte privatarkiv vert peika ut som eit eige innsatsområde i den nasjonale strategien, og legg til grunn at utfordringar knytte til filformat, lagring og langtidsbevaring må løysast gjennom samordna nasjonale tiltak.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
direktør
kultur og folkehelse (KFO)

Arnt Ola Fidjestøl
seksjonsleiar
KFO - arkiv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Sakprotokoll fylkesutvalet 28.04.2026
- 2 Saksframlegg Høyringsuttale planprogram for ny nasjonal strategi for privatarkiv